

LANDHANDLAREN I BRUOSEN

BRUOSEN er ei av dei få elvehamnene i fylket. Som landingsplass for kyrkjefolket går denne staden og naustmiljøet inn i ein tradisjon attende til mellomalderen, men landhandelen midt på biletet er frå slutten av 1800-talet.

Bilete frå 1990



I Bruosen voks handelsstaden fram etter liberaliseringa av handelslovene i 1842. PEDER HANSSON BRU byrja med handel i 1875. Som så mange andre stader vart det her eit miljø med fleire næringsverksemdar. Her heldt fargaren JENS ÅRSAND til, som farga nyvove vadsmål for bondekonene, og her var det både naust og sjøhus for lagring av handelsvarer. THOMAS ENES byrja i teneste hjå fargaren, men fekk snart den største forretninga og bygde nye hus på handelsstaden kring hundreårsskiftet. Etter at dampskipsferdsla skaut fart utover i andre halvdel av 1800-talet, med nye

dampskipsekspedisjonar, miste Bruosen litt av sin posisjon. Handelsmann var det likevel her heilt fram til 1950-åra. Bruosen er i dag eit verneverdig kulturminnemiljø, regulert som spesialområde. □

**HÅBREKKE**

Garden HÅBREKKE ligg nord for Strande barm prestegard, eit stykke frå riksvegen; lett kjenneleg med ein halvannanhøgda engelskraud hovudbygning. Dette var sjefsgarden, embetsbustaden til kommandanten for Strande barm Kompani av Det Søndhordlandske Nationale Musketerkorps på 1700-talet. I perioden 1834–1866 var den militære sjefsgarden lagd til Tangarås, der Kinck-familien seinare flytta inn. Hovudhuset på Håbrekke vart truleg bygt i byrjinga av 1700-åra og vart standsmessig utstyrt. Bygningen vart freda i 1924.

Det er ikkje tilfeldig at Det Søndhordlandske Musketerkorps heldt til i Strande barm. Desse bygdene høyrer kulturgeografisk til Sunnhordland. Grensa mellom Hardanger og Sunnhordland futedøme gjekk i 1647 mellom Vikingnes og Tørsnes. Strande barm, Varaldsøy og Mauranger høyrde til Strande barm skipreide (Ⓒ433).



Til venstre: Dekoren frå Skogaselstova, no på Stalheim Museum.

EI RENESSANSEBU

Eit stykke opp i Strandadalen ligg garden Skogasel. Her låg det i 1920 ei gjestestove eller gjestebu, bygd saman med ei røykstove. Gjestebua hadde veggfaste senger og var prydd med vakker veggdekor: store velforma renessanseroser med blomar og rankar. Truleg skriv denne målinga seg frå midten av 1600-talet. Vi kan tenkja oss at det er ein laugs-handverkar som har vore oppe på Skogasel og dekorert gjestebua, kanskje i samband med målaroppdrag ved bygging av ny kyrkje etter kyrkjebrannen i 1659. Bygningen vart freda i 1924 men vart ståande i forfall. I dag er delar av tømmerveggene frå rosebua på Skogasel bygde opp att på Stalheim museum (Ⓒ354).

